

Helen Johannessen
E.J. Berghsv. 12E
2316 Hamar

200404095-20	
03	Okt 2005
LBR	911-511.1
096.3Z	

26. september 2005

Norges vassdrags- og energidirektorat
Region Vest
Postboks 53

6901 FØRDE

Dykkar referanse: NVE 200404095-4 rv/ias
Arkiv: 911-511.1/096.3Z

Tjervaag kraftverk – Søknad om løyve til bygging av Tjervaag minikraftverk – Herøy kommune i Møre og Romsdal fylke - klage

Eg viser til brev (udatert, mottatt Herøy kommune 05.08.2005) med søknad om løyve til bygging av minikraftverk som er lagt ut til offentlig gjennomsyn i Herøy rådhus fram til 31.08.2005.

På vegne av mi mor som er eigar av Gnr 53, Bnr 7 vil eg påpeike følgjande:

- Eg finn det merkeleg at ikkje naboar som blir berørt av utbygginga blir informerte skriftleg om dette, og ikkje berre gjennom omtale i lokalavis. Herøy kommune sende kopi av sakspapira 31.08.2005 på forespørsel.
- Punkt 1.4 i første avsnittet står det at "Elva kjem fra Nonsvatnet, renn ned Nonsdalen og vidare ned mot garden Tjervaag og vidare i sjøen ved Tjørvågosen." Denne framstilling er både mangelfull og direkte feil. Gnr 53 bnr 7 (Marit Johannessen) eig både på øvste sida av elva, på nedsida av riksveg 654, er det to eigarar: gnr 53 bnr 7 og gnr 53 bnr 8 (Berit Refvik Dalen). I henhold til Forvaltningslova skal ei sak vere godt opplyst. Dette må vere eksempel på mangelfull informasjon der opplysningar blir halde tilbake.
- I j.nr 1419/1968 pantebok litr. M (1875-1878) for Søre Sunnmøre sorenskriveri, autorisert den 10. februar 1875 punkt 7 Utskiftning omtalar gjeldande utskiftning mellom garden Tjervåg gnr 53 bnr 7 og gnr 53 bnr 7 Tonninggarden. Mellom anna blir Tonninggardens rett til elva og kvernhus omtalt her. Det same gjeld garden Tjervåg sin rett til båtplass. Eg går ut frå at Tonninggardens rett er like sterk som garden Tjervåg sin rett (side 4, 5, 10, 11). Ei vurdering av desse rettane burde gå fram her.
- Punkt 2.5 "Det lokale næringsgrunnlaget blir styrka og vil bidra til å oppretthalde busetting og anna lokal aktivitet". I neste setning står det at "Tiltaket vil gje mindre sysselsettingseffekt i byggetida og 0,2 årsverk i driftsfasen". Eg stiller spørsmål om logikken i påstanden om at 0,2 årsverk vil vere med på å oppretthalde busetting og anna lokal aktivitet.

- Av punkt 2.6 går det fram at kun gnr/bnr 53/1 blir berørt, jf. kulepunkt 1. Vidare står det under Verneplanar, kommuneplanar og andre offentlege planar at "Vassdraget er ikkje verna og tiltaket kjem heller ikkje i konflikt med andre verneområder". Det står vidare at "Nedafor riksvegen der elva renn i sjøen ligg Tjøråvåg naturreservat, utbygging vil ikkje kome i konflikt med dette". I Forskrift om verneplan for havstrand og elveos i Møre og Romsdal fylke om freding av Tjøråvågosen naturreservat i Herøy kommune står det i §2 Formål: Formålet med fredinga er å ta vare på ein vågos,- som den einaste på ytre Sunnmøre i verneplanen. Området har verdi som eit regionalt typeområde, der eit lite kystvassdrag renn ut i ein grunn våg og dannar ein gradvis overgang mellom elva og sjøen. Korleis kan NVE vere så sikre på at utbygging av minikraftverk ikkje kjem i konflikt med verneområdet utan å grunngi dette nærmare?
- Eg viser i tillegg til §3 Vernereglar punkt 1 og punkt 3. Korleis kan ein utan vidare påstå at tørlegging av elva i periodar, dvs endra vassføring ikkje vil øydeleggje vegetasjonen på land og ikkje minst i sjøen?

Konklusjon

På vegne av mi mor, Marit Johannessen som er eigar av gnr 53, bnr 7 klagar eg etter Forvaltningslova på mangelfull saksbehandling og konsekvensutgreiing. Saka er ikkje tilstrekkeleg opplyst til at vedtak kan fattast.

Med helsing


Helen Johannessen

Kopi:
Herøy kommune, postboks 274, 6090 Fosnavåg